

## Sakspapir

| Saksnr | Utvalg        | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 046/23 | Kommunestyret | PS   | 22.06.2023 |

| Sakshandsamar           | Arkiv  | ArkivsakID |
|-------------------------|--------|------------|
| Kari Torkildsen Utkilen | FE-113 | 23/728     |

**Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023 - 2032 - fra steinalder til oljealder  
Lagt ut på høyring med frist 20. august 2023**

### Vedlegg

Hamneboltar i Austrheim kommune  
Sjømerke i Austrheim kommune  
Kulturminneskilt Vardetangen  
Vegen til fastlandet - elevarbeid  
Skilt steinalderstien Fosnstraumen  
Fonnes før i tida  
Kulturmiljøplan

### Framlegg til vedtak:

Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - fra steinalder til oljealder, vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 20. august 2023.

### Kommunestyret - 046/23 - 22.06.2023

#### KS - behandling:

Avdelingsleiar Kari T. Utkilen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Planen vil bli trykt opp som hefte til utlån og til skulane, i tillegg til den digitale utgåva.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) takka for planen. Spurte om det var rett å bruka oljealder i tittelen sidan denne no er i ferd med å bli fasa ut.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om høyringsfristen burde vore ein annan, lengre etter sommaren. Øksnes spurte vidare om bygningsmønster, om dette burde vore omtala. Etterlyste også bruken av krossar i berg som merke, og steinar som er lagt ned som «vitne» til merking. Øksnes sa at samla sett er planen eit godt arbeid.

Per Lerøy (Ap) gratulerte med ein fantastisk flott kulturmiljøplan. Men hadde Statsforvaltaren vore for 500 år sidan hadde Bryggen aldri blitt bygd.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder, vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 20. august 2023.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

Austrheim kommune starta opp arbeidet med planprogram for kulturminneplanen i 2015. Kulturminneplanen har fått tittel: **«Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032, frå steinalder til oljealder»**. Det er ein temaplan og kommunen fekk tilskot til planarbeidet frå Riksantikvaren. Mona Brekkan var tilsett i 50% prosjektstilling i ein periode i 2016 for å laga eit planframlegg. Ei administrativ, tverrfagleg arbeidsgruppe og to representantar frå Kyst- og sogelaget har stått sentralt i arbeidet med planen. Innbyggjarar, eldsjeler, råd og lag har kome med innspel. På grunn av endringar i organisasjonen har arbeidet med ferdigstilling av planen teke tid. Kulturminneplanen er revidert og tilpassa ny organisasjon og endringar i Austrheim kommune, Vestland fylkeskommune, overføringa av oppgåver frå Riksantikvaren til regionalforvaltninga. Kulturverntenesta i Nordhordland, og kommunenesamanslutningar. Kulturverntenesta i Nordhordland ved Solveig Jordal og Arild Sætre, plansjef Asbjørn Toft og leiar for kultureininga Kari Torkildsen Utkilen har slutført kulturmiljøplanen som vert lagt ut på høyring.

### **Vurdering**

Klima- og miljødepartementet har ansvar for forvaltninga av både kulturminne og naturressursar, og Riksantikvaren er det statlege direktoratet for fagfeltet.

Kulturminneplanen har fått tittelen:

**«Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder».** Omgrepet «kulturmiljø» vart innført av Stortinget i Meld. St. 16 2019-20, og dekker «kulturminne, kulturmiljø og landskap» som eit samleomgrep. Eit viktig tiltak i Riksantikvarens satsing er at kommunane lagar kulturmiljøplanar. Hovudføremålet er å komma i gang med å jobba målretta og kontinuerleg med kulturmiljø då desse ikkje er fornybare ressursar, setja dei på den politiske agendaen og gjera dei kjende. Det er eit nasjonalt mål at kommunane skal leggja til rette for at nye generasjonar skal vera stolte over eigen identitet, språk, kultur og opphav slik at dei vert godt rusta til å ta vare på spora frå fortida for framtida. Kulturmiljø er alle dei spora etter menneskeleg aktivitet og historie som omgjev oss. Det kan vere alt frå kyrkjer og kaihusar, til steinalderbuplassar og spor frå andre verdkrig. Eller eit jordbrukslandskap forma gjennom fleire hundre år med iherdig arbeid. Desse spora er ressursar for kunnskap, opplevelingar og bruk både no og i framtida. Kulturmiljø har både miljømessige, sosiale og økonomiske verdiar. Kulturminne,

kulturmiljø og kulturlandskap er ein del av bygda eller kommunen sitt kollektive minne. Ved rett forvalting og bruk fungerer dei som viktige miljø- og identitetsskapande element.

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss i det fysiske miljøet vårt. Dei omfattar også stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminne kan til dømes vera hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vera frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid

Austrheim kommune er ein kystkommune med 489 øyer og holmar. Kombinasjonen av jord- og sjøbruk var tidlegare heilt avgjerande for å overleva. Kulturminna speglar kvardagen til menneska som bur og verkar i eit område, og det er viktig å vera stolt over dei spora folka før oss sette, læra om dei og ta vare på dei. Vi kan ikkje ta vare på alt. Vi kan leggja til rette for at nye generasjonar skal vera stolte over eigen identitet, språk, kultur og opphav. Kulturmiljøplanen skal gjera det lettare for oss å finna svar på kva for kulturminne ein skal verna og prioritera i kystkommunen Austrheim. Ved grensa mot nabokommunen Alver, på Lindåshalvøya, ligg Mongstadmuséet som formidlar oljealderen. Ved kommunegrensa mot Radøy ved Fosnstraumen er det mange funn frå steinalderbusetnad.

Målet er at viktige kulturminne skal vera i bruk og formidlast, og at dei er både synlege og tilgjengelege. Skapa føreseielege tilhøve for eigalarar av kulturminne, og informera om tilskotsordningar. Synleggjera potensiale for bruk av kulturminne gjennom vern til næringsføremål. Skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning, mellom anna til bruk i samband med planarbeid og byggesakshandsaming. Skapa grunnlag for prioritering av budsjettmidlar. Styrkja samhandlinga mellom kommunen og eigalarane av kulturminne, samt frivillige lag og organisasjonar.

Kulturmiljøplanen er positiv for folkehelsa, og nokre av kulturminna kan sjåast i samanheng med turstiar.

«I fortida er dei røtene festa som notida skal bygge si framtid på». Eit godt sitat frå muséet på Mongstad. Planen tek omsyn til FN sine berekraftsmål. Ein kulturmiljøplan vil ha ein positiv verknad for miljøet, for Austrheim kommune og sin del av Nordhordland UNESCO BIOSFÆRE: «Nordhordland er valt ut som eit UNESCO biosfærområde fordi regionen på ein framifrå måte kan stå som læringsområde for berekraftig utvikling. Dette er regionen som er best eigna til å representere det moderne og framtidsretta, godt rotfesta i vår natur- og kulturarv: Vi er eit lite stykke Noreg». Ref. nettsida: <https://nordhordlandbiosphere.no/>

#### Kapittel 14: Handlingsplan.

Handlingsplanen skal rullerast årleg og handsamast i kommunestyret. Tiltaka i handlingsplanen skal byggja opp under målsetjingar, og prioriteringar i planen. Tiltaka skal ha fokus på kystkultur, og Austrheim sin plass i historia frå steinalder til oljealder.

Handlingsplanen er delt inn i tre arbeidsområde:

- **Tiltak forvalting**
- **Tiltak formidling**
- **Tiltak bevaring og tilrettelegging**

Tilskotsordningane må vere med i den årlege budsjettprosessen:

- \*Tilskotsordning til formidling
- \*\* Tilskotsordning til vøling

Det er statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar som stillar krav om at kommunen har vedteke ein kulturmiljøplan, og prioritet kulturminna i kommunen for at det kan løvvast tilskot til: restaurering, vøling, formidling og skjøtsel. Bidrar kommunen med tilskot er det større sjanse for at eigar av kulturminne også får tilskot frå andre aktørar. Eigar vil som oftast sjølv måtte stå for det meste av finansieringa og arbeidet.

I ferdig kulturmiljøplan vil det vere med fleire bilete og dronebilete, samt kart.

## **Konklusjon**

Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder, vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 20. august 2023.